



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3520 - 16/19418

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.07.2016

Mellombels bruksløyve - gbnr 137/745 Alver.

Administrativt vedtak. Saknr: 348/16

Tiltakshavar: Sten Are Edvardsen
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.10.2016. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

1. Terrengmur mot gbnr 137/744.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unnatak av terrengmur mot gbnr 137/744.

Ansvarleg søkjar opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2016

Det vert elles vist til søknad motteken 30.06.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Nedre Mangerbua 4
Bygningstiltak:	Bustad
Bygningsnummer:	300 528 345
Bruksareal:	170 m2
Avløp:	Offentleg



Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 137/745 på følgjande villkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unnatak av terrengmur mot gbnr 137/744.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2016.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3520

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sten Are Edvardsen
Teknisk drift

Ikenberget 41 B 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ